

# Årsmelding frå rådmannen

## Om årsmeldinga:

Etter kommunelova § 48 skal rådmannen legge fram årsmelding.

Årsmeldinga skal etter Forskrift om årsrekneskap og årsmelding (for kommunar og fylkeskommunar) § 10 3. ledd fremjast utan utgrunna opphald og innan 31. mars.

I § 48 nr 5 er det lista opp nokre punkt som årsmeldinga skal omtale.

I tillegg har Institutt for god kommunal rekneskapsskikk (GKRS) laga ein førebels standard (KRS nr 6 F) for innhaldet i årsmeldinga.

Denne årsmeldinga er meint å stette krava både i kommunelova og i standarden.

Om rekneskapen:

Kommunen fører rekneskapen sin etter eit finansielt orientert rekneskapssystem i tråd med forskrifter nedfelt i medhald av kommunelova. Kommunerekneskapen er arbeidskapitalorientert ettersom drifts- og investeringsrekneskapane viser all tilgang på og all bruk av midlar.

Arbeidskapitalen er lik differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette medfører at kommunerekneskapen seier noko om kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktelsane på kort og lang sikt.

Eit underskot i ein kommunerekneskap fortel dermed at kommunen har fått ein ikkje tilsikta reduksjon i arbeidskapitalen sin kortsiktige del.

Det er i ein kommunerekneskap ikkje noko målsetting å bokføre store overskot. Ein kommune skal yte tenester til innbygarane og ta sikte på ein sunn kommuneøkonomi. Fokus må heile tida vere på å produsere dei rette tenestene til innbygarane på ein mest mogleg rasjonell måte.

## **Punkt i årsmeldinga i samsvar med kommunelova § 48 nr 5:**

### Tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske stillinga:

#### **Over-/underskot:**

Sykkylven kommune sin rekneskap for år 2008 er gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk – underskot – på kr 21 111 529.

Historisk attersyn over resultatata dei siste ti åra syner slike resultat:

År/Resultat	Underskot	Overskot
1999		5 304 354
2000		1 489 389
2001		180 517
2002	10 761 068	
2003	6 156 756	
2004	908 880	
2005	0	0
2006		7 897 824
2007		783 101
2008	21 111 530	

### **Disponible midlar til dekking av underskot:**

Sykkylven kommune har slike disponible midlar til å dekke underskot utan å måtte kutte i einingane sine budsjett:

	Dekkingsmåtar	Underskot
Underskot år 2008		21 111 530
Omleggin rekneskapsregime – Likviditetsreserve	- 7 585 413	
Budsjettert til underskotsdekking år 2009	- 3 000 000	
Budsjettert avsetjing til disposisjonsfond i år 2009	- 2 723 000	
Reserverte løyvingar til kommunestyret sin disposisjon	- 1 711 000	- 15 019 413
Rest underskot		6 092 117

Når kommunestyret behandlar rekneskapen for 2008 vil det bli teke stilling til oppdekking av underskot.

### **Likviditet:**

Dei seinare åra – grunna reduksjon av fondsmidlar og auke i premieavvik – har Sykkylven kommune hatt ein stadig meir pressa likviditet.

År	Fondsmidlar	Akkumulert premieavvik	Akkumulert underskot	Sum fond, premieavvik og akk. underskot
År 1999	7 738 578	0	-5 304 353	2 434 225
År 2000	9 351 558	0	-3 978 353	5 373 206
År 2001	59 516 030	0	-2 652 353	56 863 677
År 2002	51 589 506	0	-13 413 421	38 176 085
År 2003	52 019 965	-7 372 614	-19 570 177	25 077 174
År 2004	60 700 444	-8 751 707	-20 479 057	31 469 680
År 2005	51 910 441	-10 571 723	-16 154 573	25 184 145
År 2006	47 711 432	-12 237 165	-7 065 635	28 408 632
År 2007	26 551 744	-18 304 082	0	8 247 662
År 2008	26 044 453	-30 548 998	-21 111 530	- 25 616 075

Premieavvik er den delen av premieinnbetalingane som ikkje vert belasta årets rekneskap men belasta rekneskapane dei neste 15 åra. I år 2006 var akkumulert underskot og premieavvik 40,46 % av fondsmidlane. I 2008 er akkumulert underskot og premieavvik 198,36 % av fondsmidlane.

Akkumulert premieavvik og no underskotet som bygde seg opp utetter 2008 er hovudårsakene til at vi etter i svært mange år aldri å ha nytta trekkretten kr 5 000 000 i Sparebanken, måtte ta han i bruk for så på hausten å auke trekkretten til kr 20 000 000. 51 660 528 i premieavvik og akkumulert underskot er ei svært tung belastning på likviditeten.

### **Utvikling i lånegjeld i høve Frie disponible inntekter:**

År/Resultat	Lånegjeld (inkl. ubr. lånemidl)	% av Frie disponible inntekter
1999	137 349 471	99,79
2000	182 389 044	123,38
2001	226 794 443	140,51
2002	251 295 240	143,50
2003	281 500 874	155,49
2004	294 983 682	157,94
2005	296 631 814	150,01
2006	318 879 299	141,84
2007	334 247 608	137,49
2008	365 134 255	144,45

**Utvikling i lånegjeld i høve tal innbyggjarar i kommunen:**

År/Resultat	Lånegjeld (inkl. ubr. lånemidl)	Pr innbyggjar
1999	137 349 471	18 950
2000	182 389 044	25 053
2001	226 794 443	30 718
2002	251 295 240	33 749
2003	281 500 874	37 917
2004	294 983 682	39 627
2005	296 631 814	39 837
2006	318 879 299	42 969
2007	334 247 608	44 763
2008	365 134 255	48 743

**Resultatgrader:**

Skattedekkningsgrad:

År 1999	År 2000	År 2001	År 2002	År 2003	År 2004	År 2005	År 2006	År 2007	År 2008
42,41 %	40,32 %	44,04 %	41,74 %	43,16 %	46,92 %	45,70 %	47,78 %	43,37 %	39,39 %

Skattedekkningsgrad er skatteinntekter i prosent av brutto driftsutgifter.

Brutto resultatgrad:

År 1999	År 2000	År 2001	År 2002	År 2003	År 2004	År 2005	År 2006	År 2007	År 2008
3,22 %	6,83 %	1,54 %	-1,63 %	0,19 %	0,66 %	-0,09 %	5,60 %	1,75 %	-4,21 %

Brutto resultatgrad er brutto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter.

Netto resultatgrad:

År 1999	År 2000	År 2001	År 2002	År 2003	År 2004	År 2005	År 2006	År 2007	År 2008
-2,61 %	1,81 %	0,93 %	-4,88 %	-2,88 %	0,06 %	0,47 %	6,87 %	0,14 %	-5,90 %

Netto resultatgrad er netto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter. KS tilrår at denne over tid bør vere 3 %.

**Skatt og rammetilskot:**

Skatteinntekter pr innbyggjar:

År 1999	År 2000	År 2001	År 2002	År 2003	År 2004	År 2005	År 2006	År 2007	År 2008
11 583	11 595	13 659	14 451	15 218	17 373	17 028	18 565	18 957	19 168

Rammetilskot pr innbyggjar:

År 1999	År 2000	År 2001	År 2002	År 2003	År 2004	År 2005	År 2006	År 2007	År 2008
7 019	8 273	7 245	7 939	8 113	6 177	7 738	9 513	10 382	11 136

## Likestilling:

Frå 2003 vart det innteke i kommunelova at ein i årsmeldinga skal gjere greie for likestilling.

Intensjonane med dei nye reglane er:

- Personalpolitiske spørsmål skal vurderast i eit kjønnsperspektiv
- Ein skal kunne avdekkje om verksemda oppfyller lovkrav, peike på problem og ta opp problemstillingar som bør visast merksemd
- Ein skal kunne gir råd som kan fremje likestilling.

Det skal i denne samanhengen leggst fram:

- Ei systematisk framstilling av tilhøva som er relevante for å vurdere graden av likestilling mellom kvinner og menn
- Ei opplysning om igangsette og planlagde tiltak

Til dette kravet kan nemnast:

- I talet årsverk er fordelinga mellom kvinner og menn slik at stordelen av deltidstillingar fell på kvinner.
- Kommunen har få menn i deltidstillingar
- Dei er ei kvinne av tre årsverk i toppleiinga
- På einingsleiarnivå er det 10 menn og 13 kvinner
- På lågare nivå (konsulent og sekretær) er det stor overvekt av kvinner
- Lønnsmessig er det liten skilnad på kvinner og menn innan dei respektive nivåa
- Ein opplever også i kommunen at det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret går att:
  - Kvinner i omsorgs-, barnehage- og reinhaldaryrke
  - Kvinner overtek meir og meir i skuleverket
  - Kvinner er overrepresenterte i merkantile stillingar
  - Menn er overrepresenterte i tekniske stillingar.

Fordelinga mellom kvinner og menn tilsett i Sykkylven kommune kan målast på ulike måtar. Tek ein berre omsyn til fast tilsette arbeidstakarar og reknar om til årsverk er 79 % kvinner og 21 % menn.

Mest skeiv fordeling har ein i barnehagane utanom ein (berre kvinner) og i brannvesen og teknisk uteseksjon (berre menn). Delen av menn i omsorgsyрка er også svært liten.

Ved rekruttering til stillingar opplever ein også ei tradisjonell søking. Kommunen har ikkje under elles like tilhøve valt kvinner ut frå eit likestillingsmessig omsyn.

Mange kvinner søkjer seg ofte ned frå 100 % stilling ut frå omsorgsbehov. Tendensen har likevel dei siste åra vore at fleire og fleire kvinner søkjer seg større stillingar. Dette gjeld i hovudsak innan pleie og omsorgsyрка. Søknader om redusert stilling frå menn har ein ikkje motteke. (Unntak reduksjon frå 100 % stilling til 80 % stilling med 100 % lønn som lekk i kommunens seniorpolitikk).

Frå arbeidsgivarhald har ein prøvd å oppfylle likestillingsmessige omsyn så langt ein rår over dette. Når det gjeld lønn har ein prøvd å tilby like lønn for kvinner og menn på likt nivå.

Kommunen har ikkje i år 2008 sett i verk tiltak som ikkje var sett i verk i 2007.

Ein kan likevel nemne at ein har fokus på:

- Utviding av deltidstillingar
- Velje kvinner der det under elles nokolunde like høve er mogleg.

## Kjønnsfordeling tilsette etter årsverk:

Eining	Årsverk menn	Årsverk kvinner	% menn	% kvinner
Politikk	1,10		100,00	
Skular:				
Aure	4,90	15,62	23,88	76,12
Hundeidvik	1,00	6,17	13,95	86,05
Jarnes	2,00	12,00	14,29	85,71
Ramstaddal	1,00	3,40	22,73	77,27
Tandstad	3,00	8,42	26,28	73,73
Ullavik	3,00	14,99	16,68	83,32
Velledalen	2,00	3,89	33,95	66,05
Vik	3,40	12,76	21,04	78,96
Ungd.skule/v.oppl	22,55	25,53	46,89	53,11
Sum for skulane	42,85	102,78	29,42	70,58
Barnehagar:				
Vikedalen	1,00	12,90	7,19	92,81
Vik		6,60		100,00
Velledalen		2,60		100,00
Jarnes		6,98		100,00
Tandstad		8,70		100,00
Blakstad		12,53		100,00
Ullavik		13,60		100,00
Styrka tilbod		5,17		100,00
Sum for barneh.	1,00	69,08	1,43	98,57
Buas	3,60	83,13	4,15	95,85
Heimeten. distrikt	1,50	30,57	4,68	95,32
Barn- og familie	11,56	43,18	21,11	78,89
Kultur	7,83	4,42	63,90	36,10
Nav kommune	2,00	0,90	68,97	31,03
Teknisk/reinhald	17,52	15,17	53,60	46,40
Rådmannsteam	2,00	1,00	66,67	33,33
Servicetorg	0,40	6,70	5,63	94,37
Staben	3,00	11,60	20,55	79,45
Fellesutgifter	1,00	0,70	58,82	41,18
Sum	95,35	369,23	20,52	79,48

## Punkt i årsmeldinga i samsvar med førebels standard (KRS nr 6 F) Noter og årsberetning.

### **Om ROBEK – Register for betinga økonomisk kontroll:**

Kommunar som er ført opp i ROBEK-registeret må søkjer fylkesmannen om samtykke til å ta opp lån og til å inngå langsiktige leigeavtalar.

Sykkylven kommune er ikkje innmeldt i ROBEK-registeret.

### **Endring av økonomiske rammevilkår:**

Det føreligg ikkje meldingar frå statleg hald som sterkt kan endre kommunen sin situasjon til det verre.

Utvikling i skatt og rammetilskot etter KS sin modell, vedteke i økonomiplan:

Inntektsart/år	B 2009	B 2010	B 2011	B 2012
Skatt på formue og inntekt	157 704 000	156 704 000	156 704 000	156 704 000
Rammetilskot:				
Innbyggartilskot	71 516 000	72 059 000	72 059 000	72 059 000
Utgiftsutjamning	7 383 000	7 398 000	7 398 000	7 398 000
Overgangsordningar	- 456 000			
Utanfor overg.ordn (inkl. oppgdifff)	1 439 000	1 439 000	1 439 000	1 439 000
Skjønsmidlar	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000
Skjønnsmidl. Innt. svake komm.	200 000	200 000	200 000	200 000
Inntektsutjamning	7 016 000	7 016 000	7 016 000	7 016 000
Sum rammetilskot	88 848 000	89 862 000	89 862 000	89 862 000

Rekneskapsresultatet for år 2008 medfører dekking i år 2009 og 2010. Dette vil redusere høvet til å ta på seg andre forpliktelsar og/eller redusere kommunens eksisterande tenesteyting.

*Vesentlege endringar i kommunens inntekter, vesentlege behovsendingar for kommunale tenester eller vesentlege endringar i lov- og forskriftspålagde oppgåver som vil ha mykje å sei for kommunens økonomiske stilling:*

Slike er ikkje kjende pr dato.

### **Hendingar etter balansedagen med betinga utfall:**

Slike er ikkje kjende pr dato.

### **Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap:**

For einingane vert avvik først synt for eininga. Ansvara innan eininga som står for dei største summene er synt som eigne postar. Negativt tal er meirutgift/mindreinntekt. Postitivt tal er mindreforbruk/meirinntekt.

### **Driftsrekneskapen:**

Eining/ansvar	Rekneskap 2008	Budsjett 2008	Avvik
<b>Kommunen</b>	21 111 529	0	- 21 111 529
<b>Kommunestyret</b>	4 947 718	4 092 000	- 855 718
Møte Kst/Fsk/utval	3 915 531	2 297 000	- 1 618 531
Netto andre ansvar (m.a. stryking avsett.)	1 028 187	1 795 000	766 813

Eining/ansvar	Rekneskap 2008	Budsjett 2008	Avvik
<b>Finansiering</b>	- 241 208 894	- 252 712 500	- 11 503 606
Skatteinntekter	- 143 589 221	- 145 500 000	- 1 910 778
Rammeoverføringar	-83 420 756	- 80 353 000	3 076 756
Tilskot flyktingar	- 5 806 672	- 5 281 000	527 672
Mva frå invest.	- 5 788 570	- 9 218 000	- 3 429 430
Kompensasjon oms.b	- 1 232 840	- 1 897 000	- 664 160
Komp. Buas	- 3 272 465	- 4 778 000	- 1 505 535
Komp. Reform 97	- 638 000	- 982 000	- 344 000
Komp. Ung.skulen	- 442 513	0	442 513
Renter på lån	18 341 604	13 872 500	- 4 469 104
Renter og gebyr	- 3 847 741	- 7 915 000	- 4 067 259
Netto avsetningar	464 038	43 500	- 420 538
Netto andre ansvar	2 080 676	2 926 000	845 324
<b>Vikedalen barnehage</b>	1 444 615	1 231 804	- 212 811
<b>Vik barnehage</b>	617 134	476 555	-140 579
<b>Velledalen barnehage</b>	621 785	532 285	- 89 500
<b>Jarnes barnehage</b>	715 195	736 412	21 217
<b>Tandstad barnehage</b>	895 170	723 969	- 171 201
<b>Blakstad barnehage</b>	1 111 549	838 596	- 272 953
<b>Ullavik barnehage</b>	1 616 176	1 250 739	- 365 437
<b>Adm bhg/priv bhg</b>	- 4 781 991	- 4 924 860	- 142 869
<b>Sum barnehagane</b>	2 239 633	865 500	- 1 374 133
<b>Aure skule</b>	11 477 389	10 718 300	- 759 089
<b>Hundeidvik skule</b>	4 117 320	3 822 000	- 295 320
<b>Jarnes skule</b>	7 618 562	7 600 000	- 18 562
<b>Ramstaddal skule</b>	2 633 217	2 586 500	- 46 717
<b>Tandstad skule</b>	6 234 697	5 898 500	- 336 197
<b>Ullavik skule</b>	8 932 856	8 364 200	- 568 656
<b>Velledalen skule</b>	3 886 537	3 761 500	- 125 037
<b>Vik skule</b>	8 936 974	8 623 800	- 313 174
<b>Felles for barnesk.</b>	61 626	139 700	78 074
<b>Ungdsk/vaksenoppl</b>	27 549 065	27 077 000	- 472 065
<b>Buas *)</b>	45 946 502	44 392 500	- 1 554 002
<b>Heimetenestene</b>	19 631 086	19 818 000	186 914
Særleg ressurkr. bruk	2 580 090	2 663 000	82 910
Netto andre ansvar	17 050 996	17 155 000	104 004
<b>Barne og familietenestene</b>	39 500 739	41 419 500	1 918 761
Flyktingtenesta	2 990 231	3 992 000	1 001 769
Butenestene	12 660 732	13 908 000	1 247 268

Eining/ansvar	Rekneskap 2008	Budsjett 2008	Avvik
Netto andre ansvar	23 849 776	23 519 500	- 330 276
<b>Kultureininga</b>	15 589 685	14 772 500	- 817 185
Storhallen	1 688 954	1 194 000	- 494 954
Kunstgrasbana	1 186 644	845 000	- 341 644
Netto andre ansvar	12 714 087	12 733 500	19 413
<b>NAV – kommune</b>	4 350 442	3 582 000	- 768 442
Pliktig hjelp og bidrag	2 981 224	2 362 000	- 619 224
Netto andre ansvar	1 369 218	1 220 000	- 149 218
<b>Næring</b>	567 303	792 000	224 697
Framhjelp næringslivet	590 750	792 000	201 250
Netto andre ansvar	- 23 447	0	23 447
<b>Teknisk driftseining</b>	23 140 712	20 957 500	- 2 183 212
Oppmåling	522 660	208 000	- 314 660
Bygningsdrift	4 389 541	2 906 000	- 1 483 541
Kommunevegar	8 498 696	7 539 500	- 959 196
Netto andre ansvar	9 729 815	10 304 000	574 185
<b>Rådmannsteamet</b>	2 356 023	2 297 500	- 58 523
<b>Servicetorget</b>	3 630 952	3 535 500	- 95 452
<b>Stabseininga</b>	7 339 648	6 809 500	- 530 148
<b>Fellesutgifter</b>	11 631 738	10 828 000	- 803 738
Lærlingeordninga	261 104		- 261 104
Seniortiltak	1 296 923	2 104 000	807 077
Annonsering og informasjon	508 476	73 000	- 435 476
Felles IKT-driftsutgifter	3 627 057	2 779 000	- 848 057
Netto andre ansvar	5 938 178	5 872 000	- 66 178

\*) I budsjettrevisjonssak K-105/08 vart budsjettet for Buas grunna ein såg for seg innsparingar, redusert med kr 1 000 000.

#### Investeringsrekneskapen:

Oversynet over avvik vedkomande investeringsrekneskapen er avgrensa til prosjekt der ein manglar finansiering (Udekka finansiering)

Eining/ansvar	Rekneskap 2008	Finansiering 2008	Avvik
<b>Finansiering</b>			
Andelskapital Åknes/Tafjord beredskap	297 500	<del>297 500</del>	- 297 500
IKS			
Sentrumsskulane	90 176	53 874	- 36 302
<b>Teknisk driftseining</b>			
Utstyr oppmålinga	52 708		- 52 708
Arbeid industriområde	63 507		- 63 507
Rådhuset, ventilasjon	79 281		- 79 281
Aure gamle skule, ventilasjon	255 597		- 255 597
Ullavik barnehage, utviding	5 033 133	1 450 000	- 3 583 133
Jarnes skule, miljøretta helsevern	160 657		- 160 657
Blakstad barnehage, miljøretta helsevern	77 106		- 77 106
Aure skule	3 832 486	3 000 000	- 832 486
Rehab. prestebustad Ikorntnes	130 373		- 130 373
Uteområde kyrkjegarden	703 459	553 459	- 150 000
Hagarden bustadfelt	3 041 393	428 056	- 2 613 337

Eining/ansvar	Rekneskap 2008	Finansiering 2008	Avvik
Teknisk driftseining, framhald			
Gang- og sykkelveg, Jarnesodden	2 047 427	1 997 427	- 50 000
Trafikksikringstiltak	3 506 516	2 999 651	- 506 865

Sykkylven 5. mars 2009

Ole-Johan Lillestøl  
rådmann

Arild Bergström  
Stabssjef/fagsjef rekneskap

